



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 1

JANUAR 1975

24. årgang

Med inspirasjon fra Esaias

«Men en kvist skal skyte frem av Isai stubb, og et skudd fra hans røtter skal bære frukt! Og Herrens ånd skal hvile over ham, visdoms og forstands ånd, råds og styrkes Ånd, den Ånd som gir kunnskap om Herren og frykt for ham. — — —

På den tid skal hedningefolkene søke til Isaia rotskudd, som står som et banner for folkeslag, og hans bolig skal være herlighet».

Es. 11. 1 - 2. 10.

Disse vers hos profeten Esaias inspirerte meg til å lage dette frontbilde til Brattvåg bedehus på Sunnmøre. Det er et 2.50 m. høyt relieff, lagt i glassmosaikk.

Enhver kan legge det en vil i dette, men jeg har tenkt både på profetien og oppfyllelsen. Kvisten har spiret og båret frukt. Kristus er født — har levet — og døde til fastsatt tid for syndere. «Se, i begge mine hender har jeg tegnet deg». Korset, det naturlige kristne symbol, og fargen gull, symbol på det hinsidige, det vi har i vente vi som tror på Jesus.

Og Kristus er oppstanden, de hvite klær symbol på renhet. Og Herrens Ånd skal hvile over ham o.s.v. — duen.

v. 10. — — «Skal hedningefolkene (vi) søke til Isaia rotskudd som står som et banner for folkeslag». Min bønn da jeg laget dette var at H a n måtte stå som et banner for dem som skulle gå ut og inn i det huset — og at hans bolig skulle være herlighet.

«Ved korsets fot hos Jesus
der har mitt hjerte fred.
Og aldri mere vil jeg gå
fra dette sikre sted».

Det var også rikt å arbeide med Orkland Kirkes altertavle. Å lese hver dag: «Jesus Kristus er oppstanden! Halleluja!»

(Framh: s. 4)



SLEKTERS GANG



Døpte

Orkland.

25. 12. Per Gustav Pettersen.
1. 1. 75: Tore Sinnes.

Orkanger.

26. 12. Marius Rindal
Øyvind Saanum
Anja Cecilie Bakken
Mette Pettersen.

Orkdal.

29. 12. Arnt Johnny Tanem
Frode Granlund
Ingrid Solem
Eldbjørg Solem
Helga Eggen
Marie Richter
Gunn Tove Strømsvåg
Ingunn Kolstrøm.

Geitstrand.

8. 12. Tommy Husdal.

Vigde



Orkland.

28. 12. Martin Olav Svinsøyen og
Johanne Lundahaug.
Tor Michael Kristiansen og
Kjellrun Øvervik.

Orkanger.

21. 12. Magnar Sigmund Kristiansen
og Sølvi Sandgrind.
28. 12. Frode Kleven og
Tove Johanne Haugan.
30. 12. Tor Olav Stendal og
Britt Unni Sletvold.

Orkdal.

9. 11. Asbjørn Magne Storøien og
Jorunn Bjørg Svanem.
7. 12. Magne Enoksen og
Anne Lise Solem.
21. 12. Bjørn Nyhus og
Borghild Blåsmo.
27. 12. Svein Arne Rønning og
Liv Mari-Ann Løftamo.
28. 12. Magnar Enebakk og
Grete Aunemo.
Bjørn Ola Bjerkan og
Gerd Inger Bakksæter.

Døde



Orkland.

11. 12. Svanhild Bergem f. 1915.

Orkanger.

10. 12. Anna Pauline Johnsen f. 1890.
12. 12. Ingeborg Anna Andaas f. 1896.
13. 12. Berthe Skjølberg f. 1901.
16. 12. Judith Fossum f. 1915.
28. 12. Kenneth Bye f. 1974.

Orkdal.

21. 11. Martin A. Gjønnnes f. 1883
Nils Kjelstad f. 1906.
24. 11. Laura Fagerholt f. 1910.
2. 12. Johan Arnt Wuttudal f. 1917.
16. 12. Judith Constance Fossum
f. 1915.
21. 12. Gro Kvaale f. 1974.
23. 12. Knut J. Berdal f. 1903.
25. 12. Ole Gjøløien f. 1891.

Geitstrand.

12. 11. Marie Vormdal f. 1882.

**At Guds veier
var de rette,
kan man
for det meste
først forstå
etterpå -
men på forhånd
kan man
tilbe Ham
fordi Han alltid
leder rett -
og det er det
avgjørende!**

Mb

Glasmåleria i Moeskjerka

Kalla Skrøvseth har ei fin helsing i menighetsbladet i dag m. a. om altertavla i Moeskjerka som ho måla så fint opp igjen. Orkland sokneråd har fått utkast til dei 6 glasmåleria frå ei anna kunstnarinne, Veslemøy Nystedt Stoltenberg. Og vi er ikkje mindre oppglødd, Orklandkyrkja blir snart ein katedral!

Glasmåleria får motiva: 1. Gud skaper. (Skapinga - Redet). 2. Gud brukar vatn. (Sakrament - Dâp - Skapinga - Noas Ark - Jesu dåp - vår dåp). 3. Gud bøyer seg ned. (Liding - død - Aning av lys i korsform som sprenger den vonde sirkelen). 4. Gud oppreiser. (Oppstode - lyset sigrar over mørkret). 5. Gud brukar jordas grøde. (Sakrament - nattverd). 6. Gud nyskaper. (Død - evig liv. Frø i jorda veks og faldar seg ut). 1. kor. 15.

Dei 6 glasmåleria blir mektig forkynning. Vi gleder oss som barn!

300 års jubileet

for kyrkjene i Orkland er fastsett til 21. og 22. juni. Domprost Thor With vil delta som representant for biskopen sidan biskop Tord Godal er opptatt på anna hald.

Ein reknar med ein del andre arrangementer utanom denne tida også. M.a. er det under planlegging ein jubileumskonsert 9. mars kl. 16 med Orkanger musikkorps og Orkanger bl.kor.

Preludium Dolorosa

Når eg går her ved grensa for live' og veit 'kje om vegen min bær. Det er godt då å kunne få skrive, slik som skrive av Paulus er. «Om eg lev - eg for Herren vil leva. Om eg døyr, - eg i Herren vil —. Om eg lev eller døyr, - i all æva vil eg høyra min Herre til».

(Rom. 14. 8).

Det er trygt no å kunne få kjenna at det eg har levd på er sant, — og at ordet om korset gjeld enda, — vita Jesus for mi skuld vant. «Det er trygt når Han held meg i han'a og leier meg ved sine råd», så ved livsløpets slutt eg kan sanna: «Han opptar i herlegdoms nåd'».

(Salme 73. 23 f).

Kaare Rogstad.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Nattverden

Av Kr. Edvard Skaar.

Realpresens betyr virkelig nærvær. Jesus har knyttet sitt nærvær til brødet og vinen. «Dette er Jesu legeme» og «Dette er Jesu blod». Disse ordene blir sagt til oss når vi mottar brødet og vinen i nattverden. Ordene forteller oss at vi spiser Jesu legeme når vi spiser brødet og drikker hans blod når vi drikker vinen. Det samme sier Jesus i «innstiftelsesordene» ved sitt siste måltid med disiplene den natt da han ble forrådt. Hans legeme og blod er virkelig tilstede i brødet og vinen (realpresens). Dette ser vi ikke. Vi ser og smaker bare brød og vin. Men Kirken tror og lærer at gjennom disse midler hentes fra Guds skaperverk får vi det Jesus sier: Hans legeme og blod.

«Legeme og blod» må forstås på bakgrunn av den gammeltestamentlige offerpraksis. I den gamle pakt var Israel forpliktet til å gi Gud Jahve regelmessige offer forrettet av prestene i templet. Ofringene var soning for folkets synder. I NT blir Jesu død sett som den endegyldige ofring for våre synder. Hans død skulle oppheve tempelofringene og gjøre dem unødvendige. På korset forlikte Gud verden med seg selv gjennom Jesus Kristus (2. Kor. 5. 18 - 19). Det skjedde en gang for alle (ganger). Det som skjedde den gang gis til oss som i dag går fram til alterbordet. I nattverden gis dette offer til oss idet når Gud gjør Jesus Kristus nærværende i brødet og

vinen. Det er Den hellige ånds gjerning at innstiftelsesordene skapte det de sier: Dette er Jesu legeme, dette er Jesu blod.

Felleskap

Fordi vi som mennesker er syndere adskilt fra den hellige Gud, så er det bare gjennom Jesus Kristus og Hans gjerning for oss at vi kan få kontakt og fellesskap med Gud Fader. I nattverden får vi oppleve et slikt fellesskap. Her tilgir Gud oss våre synder fordi vi viser at vi tar vår tilflukt til Jesus Kristus og Hans gjerning på korset. Men forutsetningen for dette er at vi tror på Kristus hvis legeme og blod vi her mottar.

Gjennom brødet og vinen forenes vi med den korsfestede og oppstandne frelser og med hverandre — som grenene med vintreet. Dette nattverdfellesskapet er en foregripelse av fellesskapet mellom Gud og mennesket i Guds fullkomne rike. Der skal vi sitte til bords sammen med alle de troende i alle tider. (Mt. 8. 11). I nattverden har vi allerede del i dette bordfellesskapet. Vi kan derfor med glede se fram til Jesu gjenkomst og det evige rike som Gud skal opprette. Fellesskapet som Gud skaper i nattverden er et objektivt fellesskap som er der selv om vi ikke oppfatter det. Men det må i hverdagen få subjektive konsekvenser for forholdet mellom nattverdsdeltakerne.

Tjeneste

Hvis nattverden skal brukes rett, må den føre til tjeneste både overfor den tre-enige Gud og overfor mennesker. Overfor Gud i takk og lovprisning - slik det bl.a. skjer i forbindelse med nattverden. Overfor nesten i en tjeneste der vi setter våre medmennesker i sentrum for vår oppmerksomhet, og ikke oss selv. Vi skal få tjene dem med alt vi har av tid og evner, penger og krefter. Dette skjer til dels i messen. Vi ber for Kirken og verden og vi samler inn penger til et godt formål. Men denne vår tjeneste for Gud og nesten må også fungere i vår hverdag. Der er vi kalt til å gi videre Guds kjærlighet som vi har fått motta i messen, og handle etter Guds vilje ledet av Hans Ånd. (Vår Kirke)



SPEIDERSANG

Melodi: Hellig er studentens kall.

Speider er eit herleg ord,
bærer bud om vår til bygder,
bærer bud om godt som gror
blant vår ungdom gode dygder.
Ærlig, trofast, hjelpsom mot enhver,
høflig, ridderlig mot alle,
lydig, gla og ren i sær
følger han det store kallet.
Speider (x4) er et herlig ord.

Speider er en riddersmann,
lover etter beste evne
gjøre plikt mot Gud og land,
gode tårner sette stevne.
Er det både kåte sprett og sprell,
mann blir speidergutten siden,
ikke verst allikevel,
kjekk og grei han står i striden.
Speider (x4) er en riddersmann.

Speider er en real gutt,
som vil prøve det han evner,
ikke gi seg før til slutt,
han kan nå fram dit han stevner.
En som vet at glede og humor
beste yåpen er i striden.
En som prøver, våger, tør
vise veg for ettertiden.
Speider (x4) er en real gutt.

Speider alltid er beredt,
både heime og på skolen.
Er et arbeid nok så kjedt
smiler han som selve solen.
Trofast alltid guttehjertet slår,
er i striden alltid rede.
«Gutten der, er gutten vår»,
mor og far kan si med glede.
Speider (x4) alltid er beredt.

Kaare Rogstad.



Orkladal felleslag av N.L.M.

Møteplan for vårterminen 1975:

- 7 - 9/1 Orkdal Røddelag v/ A. Aunan
14 - 19/1 Møter i Børsa v/ A. Aunan
21 - 26/1 Møter i Haugenes forening v/ Astrid Aunan.
2/2 Fannrem. Årsmøte i Felleslaget. Orkdal kirke kl. 1100. Gudstjeneste, kretssekr. Tolo preker, prost Rogstad forreter. Fannrem Misjonshus årsmøte og fest. Taler ved prost Rogstad og kretssekr. Tolo, sang av Orkland Mannskor.
4 - 16/2 «Vårsliv» og Svorkmo Røddelag.
18 - 20/2 Lomundal v/ Göran Holmgren
21 - 23/2 Løkken v/ Göran Holmgren
4 - 9/3 Ingdalen v/ Toralf Gilde.
27/3 Svorkmo. Påskemøte.
28/3 Fannrem Misjonshus, møte eller fest.
8 - 10/4 Orkanger v/ Toralf Gilde
11 - 13/4 Gjølme « «
15 - 17/4 Monset « «
18 - 20/4 Meldal « «
1/5 Krokstadøra. Fest.
4/5 Orkanger. Fest.
11/5 Lomundal. Fest.
17/5 Fannrem Misjonshus. Fest.
25/5 Løkken. Fest.
1/6 Børsa. Fest.

Eventuelle forandringer ber en om blir sagt fra til sekretæren i arbeidslaget Arnt Gangås, 7320 Fannrem, telf. 82260.

Må vi først og fremst være med å forberede samværene i bønn, og gjøre vårt til at de blir godt bekjentgjort.

For styret

Lars Gåsvatn, formann.

Arnt Gangås, sekr.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, A. G. Nødvedt, Fridtjof Digerås, Peder Tronvold, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos

Harald Hukkelås.

På veg mot nullvekst i Orkdal?

Fødselstala i Orkdal ligg ikkje langt over dødsstatistikken. Det er 11 i overskot i 1974.

Både Orkanger, Geitastrand og Orkland har hatt minusvekst, medan Orkdal sokn hadde klart pluss.

Nattverdsøkninga syner framleis stigning, og har gått opp med 60 % dei to siste åra. Offergåvene har gått opp med 115 % denne tida. Vi trur både større kyrkjesøking og større givarglede er faktorar bak dette. Det er forresten ein tendens som har vore slik i mange år, men som no ser ut til å ha blitt forsterka. Berre konfirmanttala har vore heilt like i 2 år, og poengterer trøndsk folkekyrkjeleg stabilitet.

Statistikken elles ser slik ut:

Gudstener: 164 (148).

Møter ved presten: 377 (263).

Off. styremøter v. pr.: 56 (47).

Sjuka- og sjelesorgbesøk: 723 (527).

Andakt på aldersheim/sjuekehus 129 (134).

Skolebesøk: 30 (40).

Fødte: 148 (120).

Døpte: 158 (135).

Konfirmerte: 141 (141).

Vigsler i kyrkja: 78 (64).

Nattvgjester: 1616 (1420).

Døde/jordf.: 137 (96).

Offer i kyrkjene: 56.173 (43.464).

(1973 i parentes).

Med inspirasjon fra Esaias

Framh. frå s. 1.

Og så fikk jeg føye til ordene: «Jeg er veien, sannheten og livet —» og «Gå ut i all verden og forkynn evangeliet».

Det var disse ord Jesus sa til sine disipler da han forlot dem på Oljeberget og gikk til sin Far. — Og han la også til: «og, se, jeg er med dere alle dager». Så kan vi få lov å regne med det — og takke for det — takke for ham som er Kongenes konge og Herrenes Herre i all evighet!

Et velsignet nytt år.

Med beste hilsen

Kalla Skrøvseth.

GAVER til bladet

ORKLAND :

Oline og Arne Bergem kr. 10. Laurits Lien 10. Ragna og Brage Fagerli 100. Marie Tangvik 10. Andr. Konstad 10. Gunnar Pettersen 10. Inga Sæther 10. Erling Svorkmo 10. Ola Skarholt 10. Anne Fuglås 15. Olaug og Arne Øverby 25. Ingeborg og Jostein Brattli 20. Olav Bakken 20. Nanna Tangvik 10. Andr. Groeggen 10. Ingeborg Anna Aarli 10. John Bratli 20. Ingebr. Holte 20. Anne og Reidar Aamot 20. John Bakken 15. Randi Moe 10. Signe Wahl 10. Harald Sæterbakk 10. Bjørg og Kåre Nilssen 10. Eline Hoston 15. Ida og Arne Leknes 20. John O. Berbu 20. Marie Nærvi 10. Marius Vormdal 20. Gjertine Rønningbakk 20. Olga og Ola Lomundal 10. Bernt Rønning 10. Arne Fuglås 10. Synøve og Einar Haugen 20. Målfrid og Kolbjørn Elden 20. Målfrid Kvikne 20. Ola Nergård 20. Ingeborg Berbusmel 20. Sigfrid Bevanger 20. Eline og Gunnar Lium 20. Kari og Magne Staveli 20. Jens Nervik 10. Hilda Solem 10. Gunnar Berbu 10. Sigrud Wiggen 10. Hanna Gundersen 10. Målfrid og Leif Midtlyng 10. Lars Aune 10. Olaug Aamot 10. Anne og

Glade gaver til fjellkirka!

Orkla Industrier A/S har gitt oss nyttårs gave på kr. 5000,—. Dei presiserer til vår store glede at dei reknar med at prosjektet, når det blir løyst, får mye å seie også som utfarts- og rekreasjonssenter for tilsette og pensjonistar i Orkla Industrier.

Agdenes sokneråd har sendt kr. 500,—. Vi har også motteke offergaver frå Buvika sokneråd og Bakklandet menighet. Fredly folkehøgskole har sagt seg sterkt interessert. Vi har hatt positive følarar ute frå eit par idrettslag i Orkdal. Framleis til vår store glede.

Det er kome inn mange private gaver. Evjen og Øyen Sanitet har sendt kr. 300,—. Og det har kome oss for øret at ei sanitetsforeining på Orkanger har avsett kr. 500,—til oss. Takk og ære!

Skredet er i ferd med å løse. Vi sender ei lita utfordring til Sanitetsforeiningar, bondekvinnelag og husmorlag. Og kanskje noen verksemdar vil følge Orkla Industrier sitt eksempel?

Vi minner elles om gaver til den store utlodninga.

Kr. Svorkmo 40. Ola Aune 15. Ingebr. Boksbu 10. B. og O. Mosbakk 10. Aasta Fossum 10. Stein Bjørn Tinglum 10. Marit Tinglum 10. G. og O. Wormdal 20. Magnhild Bjørnbeth 20. John Høston 15. Berit Resell 10. Randi Bjørnbeth 10. Astrid og Egil Kjåsen 10. Erik Monset 10. Nik. Ljøkel 10. Einar K. Svorkmo 10. Magda Rossmann 10. Marit Sæther 10. AnnMari og Ole By 20. E. O. Helihaug 20. Anne Berbu 20. Gunvor og Ingem. Svorkmo 20. Inga og Henrik Hoston 20. Edv. Aarli 20. Albert Groven 20. Ivar Valstad 20. Ingrid Haugen 20. Arnt Svorkmo 20. Lars Togstad 20. Astrid Oppøien 10. Johanna og Per Øyum 10. Emma Østhus 10. Anders Solem 10. Marit Gimse 10. Odd Schjerve 10. Nils Ofstad 10. Anne T. Lium 10. O. Sæther 10. Arne Belsvik 10. Rutt og Erik Tallerås 15. Edvin Rikardsen 10. Anne Groven 20. Karen Elden 15. John Valstadmel 15. Julius Berg 10. Lars Rektorli 20. Ingeborg og Ranveig Tronvoll 40. Anna og Ingebr. Monset 30. Anna Høston 10. Gunnar Oppøien 10. Gunvor Kvernvi 10. Thea og Olav Svorkmo 10. Erik Solem 20. Jørgen Grø 20. Helge Sandstad 20. Torleif Rønning 10. Kristine og Ivar Skjøberg 20. Jenny og Jens Infargård 20. Hjørdis og Einar Monset 10. Jostein Dalen 10. A. og S. Bakken 20. Randi og Peder Grendal 25. Klara og Helge Aamot 20. Peder Buset 10. Astrid Kusater 20. Aslaug og Knut Holte 20. Idun og Magne Havig 20. Ida og Ole Skjøberg 20. Hilda og Johan Knudsen 10. Osvald Karlson 10. Marit og Olav Damli 20. Henrik Bakken 15.

GEITASTRAND :

E. og A. Sletvold kr. 20. Gerd Landrø 10. Leif Bjørnbeth 10. Gudrun og Johs. Halsen 10. Kristine og Ola Kjøren 10. Gunerius Kjøren 30. W. Gustavsen 10. Einar Klomstein 10. Aksel Magnussen 10. Anna Aasheim 10. Olga Eriksen 10. Andr. Husdal 10. Sivert Sommervold 10. Bergliof Nygård 10. Jens Erik Reitan 10. Ole K. Sletvold 20. Johan Kjøren 20. Ragna Ingdal 20. Karen H. Sletvold 20. Idar Husdal 10. Gunhild og Henry Husdal 10. Marit Reitan 10. Lars Sletvold 20. Arvid Husdal 20. Kr. Sletvold 30. Andr. Magnussen 15. Sigrud Halsen 15. Anders Sletvold 10. Helga og Ole Sletvold 25. Anders Ofstad 10. Sivert Sletvold 10. Astrid og Paul Aasen 20. Birger Berntsen 10. Kirsti Halsen 50. Olaf A. Sletvold 10. Torbjørn Elve-

rum 10. Anders Gjete 10. Eli Ofstad 10.

Kvitteringene vil komme etterhvert. Takk for glade gaver. For de som ennå har glemt oss minner vi om postgiroblanketten.

UTENBYGDS :

Hilda Skomsvold, Fosslandsosen kr. 10. Berit Langvik, T.heim 15. Jorunn Almli, T.heim 25. Marie I. Lundgård, Bosberg 10. Karen Gjønnes, Jerpstad 10. Karen Kvernmo, Buvika 10. Sivert Kvernmo, Hovin i G. 10. O. L. Gjønnes, Heimdal 30. Gunhild Kvikne, Tr.h. 15. Anne Mette Høiseth, Ler 10. Ada Johansen, Skjervøy 10. Astrid Duås, Vinjeøra 10. Agnes og Erling Svorkmo, Mølnbukt 10. Ludv. Hassel, Sandefj. 10. A. Spjøtvold, Løkken 10. Aslaug Moksnes, Oslo 10. Frida Ulsund, Mogsjøen 20. Gjertrud Sund, Tr.heim 10. J. O. Stubban, Tr.heim 20. Bjørg Hegstad, Tr.heim 10. Egil Fløttum, Soknedal 30. G. og L. Sommervold, Hommelvik 10. Fredrikke Togstad, Løkken 10. Knut Bjørndal, Isfjorden 10. E. Sandstrand, Lauksletta 10. Jørgen Indergård, Sunndalsøra 20. Ingebr. Svorkmo, Oppdal 20. Angrim Asphjell, Sjetnehaugan 20. Betzy og Gustav Ofstad, Fåvang 20. Olaf Havdal, Tr.heim 20. I. B. 10. Borgny Selboe, Selbu 10. Marit Torneby, Kløfta 10. Hønnshagen, Løvenstad 10. Gunhild Bakk, Sørumsand 10. Lars Harsjøen, Hitterdal 20. Bodil og P. Fergestad, Konnerud 20. Bjørg Jarstein, Tr.heim 10. Johanna Rånes, Uglå 10. Trygve Gården, Sistranda 10. Øyum, Oslo 10. Oline Singstad, Selbekken 10. Anna Marie As, Skjervøy 10. Torvald Haug, Hellesylt 20. Ole Løseth, Løkken 20. Kari og Gisle Rødset, Stranda 20. Lillian Larsen, Tr.heim 10. J. S. Jæger, Tr.heim 25. Egil Høston, Moss 20. Gudrun Gåre, Bodø 20. Gunnar Almli, Rindalsskogen 15. Gudrun Ottesen, Paradis 15. Målfrid Elsbak, Tranøy 15. Gyda Sylte, Surnadal 10. E. Berbu, Oslo 20. Magnar Grø, Skien 30. Ottar Hyldmo, Storås 10. Ole Fosshagen, Rygge 10. Ivar Harang, Klæbu 10. Oluf Lånke, Hell 10. Klara og Vidar Hoff, Soknedal 10. Julie Kjøren, Tr.heim 10. Knut Sellie, Børsa 10. Valborg Brekken, Løkken 20. G. og I. Sølberg, Skien 20. Marta Melbye, Skjåk 20. Ellen og Trygve Reitan, Molde 20. Marie Bach, Tr.heim 10. I. og J. Sinnes, Rindalsskogen 10. R. Blokkeskar, Meldal 10. Per Bakk, Soila 20. Annar Gjølmesli, Sandvika 20.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00

(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30

(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30

(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

Velkommen til vår forretning.

Vi står alltid til tjeneste.

Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo
Handelssamlag

Konstads
Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Pene dåpskjoler til utlån.



Harald Hukkelås

Orkanger.

B. Kvålsvold, Melhus 20. Ingar Lund, Viggja 20. Agnar Thorbjørnsen, Skjervøy 20.

Hjertelig takk!

Retting frå nr. 10.

Det sto Anne E. Svorkmo. Skal vere Anne E. Svorkmo bet. kr. 10.

Jostein Hatlebrekke er fødd i Davik i Nordfjord i merkeåret 1905. Presteteneste har han hatt slik: Res. kap. Selbu 1937, sp. Børsa 1948, sp. Orkdal 1955 (prost 1956). Sp. Stryn 1962 - 72. Julia og Jostein Hatlebrekke er no busett i Stryn. Han kom frå Orkdal til Stryn, og for å få fram særdrag spør vi: Korleis vart det å bli prest i Stryn? (Bygda er kanskje kjent for andre vakre trekk enn turistnatur).

Det har vore godt å vere prest i Stryn. Stryningane er venlege og elskverdige. Dei er lette å kome ut av det med. Presten har ei kjensle av at han er velkommen kvar han kjem. Her er 3 kyrkjer og 3 sokner og kyrkjesøknaden er god.

Her eit år talde klokkarane dei som kom i kyrkja, og resultatet vart at gjennomsnittleg går over 20 % i kyrkja om søndagen. For eit folkerikt sokn blir det mange menneske.

Men det som likevel er det beste i Stryn er at her er ikkje partistrid i kristenflokken. Alle kan gå i kyrkja. Alle kan gå på bedehuset. Her er foreningar og arbeid i gang for alle kristlege organisasjonar. Men dei går til kvarandre og ligg på kne ved sida av kvarandre på knefallet i kyrkja og tek imot Herrens lekam og blod. Og presten er sett på som bror mellom brør.

Intervju med Jostein Hatlebrekke

Skulle eg nemne ein vanskeleg ting i Stryn, så måtte det vere at ungdommen forlet bygda med det same dei er ferdige med den 9-årige skulen. Så er det vanskeleg med leiarar i ungdomsarbeidet.

Du blei pensjonist for to år sidan, Hatlebrekke, har det blitt berre sofakrok og aviser?

Eg har vore i arbeid etter eg vart pensjonist. Og der står Ulstein prestegjeld i serstilling. For der var eg nesten eit år.

I det prestegjeldet er 2 sokn: Ulstein og Hareid, og begge stader er eit rikt kristenarbeid i gang. Og det var alt saman å glede meg over. Det som mest gledde meg var likevel ungdomsarbeidet. Der var mykje ungdom med i kristenflokken. Ofte, serleg når vi hadde ungdomsgudsteneste kom der tenåringar i flokkevis til Herrens bord. Det var gildt å sjå.

Og for ei gjevarglede der var på dei kantar! Eit eksempel kan eg nemne: Vi hadde ei kveldsgudsteneste ein søndagskveld m/ innsamling av fastebøssene og ofring til Kirkens Nødhjelp. Den kvelden kom der inn kr. 25 000,— !!

Visst er det nok mørke skug-

gar over arbeidet i Guds rike av og til. Men der er sanneleg også klare lyspunkt å sjå. Dei skal vi ikkje underslå.

Hatlebrekke har altså hatt litt tid til å vere pensjonist, men vi spør om han har litt røynslar frå det livet likevel?

Tja — dei snakkar så mykje om pensjonistsjokk og kor keidsamt det er dette pensjonisttilværet. Det har eg ikkje kjent nokonting av. Eg har hatt hendene fulle heile tida. No sist skulle eg vere i Måløy og styre dei ledige embeta der. Men der vart vi ikkje meir enn ein månads tid. For så vart eg sjuk og måtte ta ein stor operasjon. Og no har eg vore rekonvalesent i snart to månader. Men eg ser at her er mykje å ta seg til for ein som ikkje er full arbeidskar og. Eg snikkerar og reparerar og tykkjer det er moro. For meg har det hittil vore eit rikt liv å vere pensjonist.

Vi synes at Hatlebrekke skal gi oss noen refleksjonar etter eit livs presteteneste?

Det er eit stort emne som eg ikkje for alvor kan kome inn på med nokre få ord. Men det er klart at når ein ser attende etter 43-44 års prestetid, så er det mange tankar som trengjer seg på. Eg kunne filosofere lenge over emnet: kor lite eg har vunne av det eg gjerne ville. Det er no lite oppbyggjeleg stoff. Men det er undarleg kva Gud kan bruke. Av og til trur eg Gud har brukt mine bommertar også. Ein ting har eg vorte meir og meir overtydd om: Det var Gud som kalla meg og sende meg ut i denne tenesta. Og det ser eg tydeleg at Han har hatt eit fast grep på meg i alle desse åra — i gode og vonde dagar. Ære vere Gud i det høgste!

Korleis vurderer du presten sin arbeidssituasjon her hos oss idag?

Når det gjeld presten sitt arbeid idag i ein norsk kyrkjelyd kan der vere rom for mange refleksjonar. Det nyttar ikkje å kome inn på alt det. Men ein ting vil eg seie: Presten har framleis mange og store sjansar til å få

(Framh. s. 7).



HATLEBREKKE'S HUS



Ny kyrkjetenar i Geitastrand

Geitastr. sokneråd har tils. Gunnerius Kjøren i stillinga som klokkar og kyrkjetenar i Geitastrand kyrkje. Han har ei tid vikariert i stillinga og vi ønsker han velkommen til samarbeid.

Prestegjeldet har frå 1/1 -75

fått 2 nye medhjelparar. Nyårsdagen vart Egil Slørdal innsett som medhjelpar i Orkdal kyrkje og Jostein Dalen som medhjelpar i Orkland kyrkje. Vi ønsker dei velkomne til samarbeid.

Ved Orkdal kyrkje

er no bære vogna kome på plass. Den vart første gong nytta ved gravferd 30/12. Bære vogna var ei velkomen og ikkje minst naudsynt gæve å få. Avstandene er lange på Orkdal kyrkjegard og mange gonger har det vore eit slit å få bore kistene fram til gravplassen.

Ved nattverd

er det somme gamle og handikapte som kvier seg for gå til altars avdi dei har så vondt for å knele og å koma seg oppatt. Til slike kan vi opplyse at det berre er å gjeva klokkar eller medhjelpar eit vink — så vil dei få ein stol framsett ved enden av altarringen. Der kan dei så sitte istadenfor å knela. Dette gjeld alle fire kyrkjene.

I januar - februar

vil soknepresten halde 4 bibeltimar i Sølberget bedehus og Stokkhaugens bedehus. 2 på kvar stad. Dagane blir kunngjort seinare.

Ved julegudstenestene

var det mest fullsette og delvis overfylte kyrkjer. Det kom inn kr. 10.000 i offer til Det Norske Misjonsselskap. Fleire song- og musikkrefter tok del ved gudstenestene. I Orkland: Frode Hoff på fiolin, Arve Blåsmo med trompet og Orkland Mannskor.

På Orkanger: Musikkgruppe frå ungdomsskolen, Arve Blåsmo og Orkanger bl.kor.

I Orkdal: Orkdal mannskor. Dessutan hadde Orkanger bl.kor julekonsertar i Orkanger og Geitastrand kyrkjer. Musikkorpsa og songkora i Ork-

Intervju med Jostein Hatlebrekke - -

(Framh. frå s. 6).

kontakt med den einskilde medlem av kyrkjelyden sin. På grunn av arbeidspress klarar han ikkje på langt nær å utnytte alle dei høva han har.

Kva er det viktigaste i kristendomen, etter di meining?

Det er lett å svare på. Det viktigaste i kristendomen er Jesus Kristus og Hans frelsesverk. Og det viktigaste for meg personleg er nettopp dette at eg har fått og får for kvar ny dag forlating for syndene mine for Jesu Kristi skuld. Dette har vorte større og større for meg etter som åra har gått.

Det er elles ein annan ting som også har vorte meir om å gjere for meg etter kvart, om eg enn ikkje veit kor mykje eg har lukkast i det sjølv: Det er umåteleg viktig at eg som kristen ikkje berre høyrer Guds ord, men gjer etter det. Gjerningane våre er viktigare enn orda våre.

Så undrar vi oss på kva som er den største opplevinga i livet no når presten ser attende?

Det har eg i grunnen alt svara på. Den opplevinga som står i serstilling framom dei andre er nettopp den gongen det gjekk opp for meg at eg var eit Guds barn for Jesu Kristi skuld. Ingenting kan sidestilla med det. Men sjølv sagt — i andre rekkje kjem ein heil flokk med store opplevingar, somme alvorlege og skræmmande, men mange gode og glade. Eg har mykje å takke Gud for.

Det å fortelle om sitt syn på vår tid er så populært, kan du det?

Vår tid er krisetid. Det får vi høyre seint og tidleg no. Resurskrise, matvarekrise, forsøplingskrise, krise når det gjeld folketallet i verda. Vi blir for mange som skal dele på kaka. Og mangt anna. Og det er sanneleg ikkje berre ord dette. Det ligg alvor-

dal sokn pluss Orkland Mannskor heldt den tradisjonelle juledagskonserten i Orkdal kyrkje. Vi takkar for glad song- og musikk.

lege realitetar bak. Den kristne har likevel ein basis å stå på som er like stød også i krisetider.

Jesus seier: Syt ikkje for kva de skal ete og kva de skal drikke eller kva de skal klæ dykk med. Far dykkar i himmelen veit at alt slikt treng de. Søk fyrst Guds rike og Hans rettferd, så skal de få alt dette attpå.

Tida er krisetid også på den måten at landet vårt og folket blir meir sekularisert, meir verdsliggjort, blir det sagt. Og ei sanning er det i dette for så vidt som fronten mot kristendomen blir meir markert etterkvart.

Men eg tykkjer likevel at eg ser tydelege teikn på ei kristeleg vakning i folket vårt. Herren fylkar sin hær. Kanskje nettopp fordi der er tunge tider i vente.

Til slutt skal vi kome med enda noe viktig. Korleis er det blitt med minna frå Trøndelag?

Eg var i Nidaros bispedøme i 30 år og for det aller meste i Trøndelag, så eg har eit hav av minner derifrå.

Når eg no tenkjer attende, kjem det for meg at dei sterkaste minna knyter seg til menneske eg møtte. Dei eg var saman med i deira livs tyngste stunder, dei eg råka i heilage stunder når Gud var serleg nær, dei eg kunne glede meg saman med når livet viste seg frå si lysaste side. Jau, det er mange, mange menneske i mange bygder i Trøndelag eg minnest med djup vyrdnad og stor glede.

Vi opplevde krig og krisetider i Trøndelag, storm og vekkings-tider, kamp og siger og nederlag. Alt dette set merke etter seg, men likevel — det er eitt som sit att: Møtet med alle dei store, gode menneske i Trøndelagsbygdenene.


Vi takkar for samtalen, og ønsker lykke til for det aktive pensjonistpar. Gud bruker sine til siste dag.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

ELDRES HYGGETIME
på Svorkmo misjonshus
tysdag 21. jan. kl. 11.



Alle har då ein bibel i huset!

Kor mange biblar finst i Noreg?
Ingen veit talet. Men det er ikkje
tvil om at det er m a n g e :

I dei siste ti åra har Bibelselskapet
spreidt ut over landet meir enn 450.000
biblar og 940.000 nytestament. Arleg
har nær 150.000 nordmenn fått seg ein
bibel eller eit nytestamente. Og vi
kan nemna at frå Bibelselskapet vart
skipa i 1816 og til i dag, har det gje-
ve ut 9 ¼ million biblar og testamen-
te. Og det er ikkje noko som tyder på
at bibelsalet vil minka.

Desse tala fortel at Bibelen stendig
er ein «bestseller» på den norske bok-
marknaden, og at utsegna «alle har då
ein bibel i huset» ikkje kan vera så
langt frå sanninga.

Men korleis er det med alle desse
biblane som står i heimane? Er dei
slitne og velbrukte, eller er dei like
blanke og fine som då dei kom i huset?

Bibeldagen 1975 har dette mottoet:
**KJENNER DU BESTSELLEREN? -
LES BIBELEN!**

Livsens ord er verdlaust dersom det
ikkje fell i hjartejorda, sa ein prest.
Det er lite gagn i å kjenna berre ryg-
gen på bestselleren. Vi må opne boka.
Vi må lesa Bibelen. Så vil bodskapen
fylla hugen og leia oss på vegen.



Når utgangspunktet!

Godt nytt år! Med vårt ut-
gangspunkt, får vi vente oss eit
originalt resultat. Men det er av-
gjort optimistisk. Den kristne
kyrkje representerer Guds rike
på jord, og dermed er den glade
framtidsette tone gitt.

Vi trur på Guds rike. Vi trur
at Gud let seg representere gjen-
nom ord og sakrament. Vi trur
at han talar gjennom si kyrkje.
Vi veit også at dette gir frukter.

Vårt reinte menneskelege ut-
gangspunkt kan vere både for-
virra og svakt. Men så har vi
fått sett gjennom dette at Gud
handlar sterkt med menneska.
Han kan gi vår snublande tru
mot, og vår famlende bøn kraft.
Den som har fått delt Guds gå-
ver med sine medmenneske også
i det siste året, har sett mektige
gjensvar. Gud har verka sterkt
i Orkdal i 1974.

Slik er det frimod som pregar
oss ved årsskiftet. 1975 blir eit
underleg år. Det kjem til å skje
mektige og merkelege ting i Ork-
dals menigheter. Du må vere
med å be det fram i lyset.

Der ligg det rette utgangs-
punktet!



GUDSTENER

12/1 - 1. s. e. Kr. Apenb.søndag

Orkland kyrkje: Rogstad.

Ustjåren skole: Eidhamar.

19/1 - 2. s. e. Kr. Apenb.søndag.

Orkdal kyrkje: Eidhamar. Ofring.

Orkanger kyrkje: Rogstad. Ofring.

26/1 - Søndag septuagesima.

Orkland kyrkje: Eidhamar.

Ofr. til Misj. bak jernteppet.

Geitastrand kyrkje: Rogstad. Ofring.

2/2 - Søndag seksagesima.

Orkdal kyrkje: Kretssekr. Tolo og

Rogstad. Offer til Misj.sambandet.

Orkanger kyrkje: Res. kap. Eidhamar.

Nattverd.

9/2 - Fastelagssøndag.

Orkland kyrkje: Eidhamar. Nattv.

Orkdal: Rogstad. Nattverd.

MØTER arrangert av komiteen for SØVASSLI FJELLKIRKE.

Onsdag 15. jan. kl. 20: Stokkhaugen.

Onsdag 22. jan. kl. 20: Monset.

Onsdag 29. jan. kl. 20: Orkanger u.sk.

Onsdag 5. febr. kl. 20: Kjørenmoen.

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne
forsikringsselskaper for hus,
heim, næringsvirksomhet, bil,
motorsykel og traktor.

Snakk med våre representanter:
Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113.
Sigmund Haugset t. 82362 eller
distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell
Orkanger.

Kontortid: Tirsdag 17 - 19.

Torsdag 17 - 19.

Lørdag 10 - 12.